

Norstrand Eiendomsrådgivning AS
Storebotn 10
5309 KLEPPESTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/17444 - 21/49647

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
09.07.2021

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 14/6 Nedreås

Tiltak: Arealoverføring
Byggjestad: Gbnr 14/6
Tiltakshavar: Liselotte Natås

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 14.06.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Areallet er omfatta av omsynsone for ras- og skredfare i kommunedelplan for Lindås. I punkt 4.1.3 i føresegna til planen går det fram at ved søknad om deling skal det gjerast ei geologisk vurdering av risiko for ras. Slik vurdering er ikkje lagt fram.

I følge NVE sitt aksomhetskart er arealet omfatta av utløpsområde for snøskred og ligg i sone med potensiell jord og flomskredfare.

2. Me kan ikkje sjå at gbnr 14/10 er nabovarsla. Før saka kan handsamast må alle naboar vera varsla i tråd med Pbl. § 21-3.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 31.08.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Norstrand Eiendomsrådgivning AS

Storebotn 10

5309

KLEPPESTØ